



Majo Eigedom As
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/5635 - 23/59084

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
18.07.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 56/165 Hundvin

Tiltak: bustad
Byggjestad: Gbnr: 56/165
Tiltakshavar: Marianne Søgnesand
Ansvarleg søkjar: Majo Eigedom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.07.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:



1. Målsett planteikning.
2. Kotehøgd på møne.
3. Gjenpart av nabovarsel.
4. Tiltaket krev dispensasjon frå pbl. 1-8 for byggegrense mot sjø.

Reguleringsplanen for Hundvin alt. C er ein eldre plan der byggegrense vart fastsett i føremålsgrensa. Vi syner til skriv i frå departementet den 08.03.2017 vedkommande tolking av eldre reguleringsplanar, og byggegrense mot sjø:

«Det vises til brev 15. april 2015 om byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen og virkning for eldre planer uten byggegrense. Kommunal- og moderniseringsdepartementet endrer tolking av plan- og bygningsloven, etter at forslag til lovendring ikke ble vedtatt i Stortinget. Det betyr at byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen vil gjelde for byggeområder avsatt i tidligere vedtatte planer dersom det ikke er fastsatt byggegrense.»

Byggjegrensa mot sjø jf. § 1-8 vil difor vere gjeldande for om søkte eigedom, og tiltaket er dermed avhengig av dispensasjon.

5. Bygnadens plassering er i strid med omrisset for planlagt plassering i reguleringsplankaret. Tiltaket krev dispensasjon for bygningsplassering.

Plassering i reguleringsplankartet	Omsøkt plassering
	

Illustrert plasseringa i kartet er å rekne som bindande. Dispensasjonen krev dermed grunnlagt søknad jf. pbl § 19-1.

Administrasjonen gjer merksam på at alle dispensasjonar skal nabovarlas jf. pbl § 19.1

For ordens skuld nemnes at reguleringsplanen for Hundvin Alt. C ikkje har fastsett grad av utnytting. Ved vurdering av søknaden vil det sjåast hen til tidlegare saker på bustadfeltet, som vil vere retningsgivande for gjeldande sak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 12.09.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom As
Marianne Søgnesand
Svein-Erik Karlsen

Lindåsvegen 154
Fosse 59
Fosse 59

5916 ISDALSTØ
5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG